

i u-lagge

Organ for Finnøy Kristelige Ungdomslag

02/04



Se siste side

Ledar & Andakt

Av: Kåre Vignes

Dette nummeret av I u-lage' kjem ut i "den stille veka" – veka før Skjærtorsdag og Langfredag. Alvorlege dagar fylde med eit alvorleg innhald. At Gud sendte sin son til verda for å dø for oss, er grunnen til at me driv med ungdomslag på Finnøy i dag. Det er det ikkje alltid me tenker på når dørene åpnar på Lauvsnes.

Påska er for meg mange ting. Dei fleste av dei er knytt til Finnøy. Påska er tida for nytt liv, hjå oss representert ved at lemninga set inn for fullt. Eg trur ikkje han Terje har vore på for mange påskeferiar i si tid som sauebonde. Påska er tida for å få båten på sjøen og reise ut til Vignesholmane og sjå om dei som bur der ute og har fått lam. Påska er tida for å ha første fotballkamp med gjengen på plenen heime, til glede for oss som spelar og irritasjon for dei som får plenen sin maltraktert ein månad før graset

byrjar gro.

Og det er i påska med vert samla på Lauvsnes til påskefrukost, for så å gå til Gudstene for å feire at Jesus er oppstaden frå dei døde.

Me pleier ikkje dvele for mykje ved Jesu død. Her på Finnøy har me til og med fest på Betel på Langfredag. Det er oppstoda som er i fokus, og det er sjølvsgat det viktigaste. Men me må og ta oss tid til å stoppe opp ved lidinga til Jesus. Heile hans liv bygde opp mot at han skulle dø på ein kross. For alle. Både dei som vel å tru at han var son åt Gud, og dei som vel å sjå på han som ein vanleg mann som gjorde gode ting og som levde for lenge sidan. Jesus døydde for alle den dagen. Men ikkje alle vil ta imot det han gjorde.

Jesu død er viktig for oss for at me skal forstå kor høgt me er elska av Gud. Men utan oppstoda vert Jesu død eit nederlag. Paulus seier at dersom Jesus ikkje er oppstoden frå dei døde er kristendomen heilt meningslaus. For då Jesus stod opp, vann han over døden. Det at Jesus vann over dø-

den tyder at me ein dag skal stå opp frå dei døde, slik Jesus gjorde.

Døden er for mange, meg sjølv inkludert, ein skremmande tanke. Men det er det einaste sikre her i livet. Er det ikkje då stort at me kan tru på ein som har vunne over døden? Døden, som er årsak til så mykje vondt og så mykje liding, er ikkje slutten, men byrjinga. Fordi Jesus stod opp frå grava.

Eg har ikkje sett den mykje omtala filmen The Passion of the Christ ennå. Difor har eg ikkje tenkt å skrive for mykje om han heller. Men ein ting er sikkert: Dette har fått folk til å diskutere Jesus. Og at ein gammal nynazist, etter å ha sett filmen, tilstår bombeattentat og går friviljug i fengsel gjer inntrykk på meg. Det seier noko om at historia om Jesus rører folk som ikkje har for vane å trø ned dørene i kyrkjer og bedehus. Og det seier at ingen er så langt borte frå Gud at all von er ute. Gud kan finna att sjølv den som har gøynt seg så godt det går an.

Eg vil ønske alle som les dette ei god og fredeleg påske.

Formannshilsen

Av: Anita Ildstad Rørtviet

E du klar? Ja, te ka då?, spør du nok då. Jo, det har seg slig:

For ein dag for lenge, lenge siå blei ungdomslaget født. Det voks te og blei større og sterkare for kvart år. Mange ungdommar likte godt å trø inn på Lauvsnes te ein drøs med venner og bekjente. På festane laget hadde va det ekstra stas då det blei servert eple.

Ittekvar så laget voks te blei tomatkassane bytta ud med stolar og folk fekk mindre vondt i rumpen. Pianoet kom. Det blei surare og surare med årå, men blanda med vakker fellessong blei musikken slettes ikkje verst.

Med skiftande tier og moter blei bedehuset eit rosa bedehus. Loftet fekk sofagrupper og bønnesamlingå blei innført. Någen år sein-

re feirte laget at di va blitt godt øve 70 år. Rosafargen forsvant, kjøkkenet blei pusst opp, pianoet bytta ut med keyboard, aviså I U-lage kom i gong og Åpen Hall gjorde sin entre.

Så va me komt te dagen i dag. Møje har endra seg i ungdomslaget opp igjennom tiå. Det e bra. For tiene endre seg og då må lage følga litt med ska det ver levedyktig. Eg e rektigt gla me har det. Laget vårt. Det har betydd utruligt møje for mange opp igjennom tiå.

Å då komme det: E du klar? E du klar te å ver med og byggja vidare på laget? Har du någe du e flink te, någe du kan som du har lyst te å styrka ungdomslaget med? Du trenge isje ver superflink. E eg super i formannsrollå? Nei på ingen måde. Eg totle og vase og kan isje fordra å snakka te store forsamlingar. Men der e møje eg kan åg. Sånn vil eg du åg ska tenka. Ka kan eg? E eg klar te å broga det eg kan?

Me vil setta utrulig stor pris på viss du vil hjelpa te. Kanskje du kan hjelpa te med mat? Kanskje du har ein ide te eit arrangement? Kanskje du kan ver litt vaktmester? Kanskje du kan rydda i songpermane? Stå i kiosken? Spela te allsongane? Trø te med underholdning? Små ting? Nei. Laget e bygd opp slig. Mange jobbar – der alle e liga viktige. Me har ein heilhed å ta vare på.

Å så tenke eg. Eg e ferdige med å gå ut kvar helg. Gamale og snart lyse i håret på grunn av sommarstid. Vett eg då koss du konne tenkt dokk å hatt laget? Nei. Egentligt isje. Tiene forandre seg. Det e du som går der som vett best. Koss vil du ha det? Å viss du isje går der – koffor isje? Ka kan me gjer for at du ska trivast bedre? Det me isje vett – som ei klok dame sa – vett me lide om. Gi oss lyd. Skriv lapp, send melding, sei det te oss. Håbe me hørre frå deg!

Nana!

MiniPortrettet

Tekst og Foto: Camilla Mjøltnes

Navn: **Bodil Nordbø**

Alder:
Snart 14

Bosted:
Nordbø,
Finnøy



Koffor går du på Stikk Innom?

Fordi de e kult møda folk og å reisa weekend å sånt.

E de sånn så du hadde trudd de sko værr?

Nja..nesten. Hadde trodd de va litt meir futt i di vanlige helgene.

Ka syns du om lørdags-arrangementå?

De e som ofast kjekt de.. Kreativt..!

Konne du tenkt deg å sidda i styret?

Ja, de konne vore kult..

Ka syns du om i u-lage aviså?

Fine den. Konne kanskje fått litt farge.. De e greit at foreldrene får vida litt åg, så sleppe me å svara når di mase på oss..

Kommende arrangement

9. Langfredagsamling

10. Konsert

11. Påskefrukost

16. Open Hall

17. Idol-kafé

23. Stikk-Innom

24. Hygge og Hygiene


30. Open Hall

7: Stikk-Innom

8.-9. Blåtur

Kongelig aften

21. Februar



Av: Guri Vignes

Som kanskje någon har fått me seg så blei den 7.februar og 21. februar bytta om, så eg fekk oppgavå om å skriva om "Blått Blod Kveld" i staden for bingo å banan kvell...men d gjekk jo greit.



Plakatane ga beskjed om å grava fram kongelige kler ifrå skabå, d må eg sei va dårlig ifrå dei som møtte opp. Øystein me si kongekappa og bare ei i finkjole. Tiarane blei det bedre me. Eg trur d blei 5 av dei t slutt...

Andakt fekk me av Erik Rørtveit. Den va goe. Si d va konge kvell så handla den om kongen sjølv. GUD allså.

Så fekk me masse leker. Lag 2 vant. Der va vertfall Dorrit me. Si Øystein va kongen den kvelden så måtte me sei "Deres Kongelige Høyhet" kvar gong me sko sei någe te han. Programmet varte ca t 10, men stikk innom va ikkje tomt før i hall ett tiå. ;o)

Sjøl om d ikkje va så mange så hadde kledd seg ud så blei d ein kjekke kvell....



Eldrefest

28. Februar



Av: Gøril Bleie

Denne kvelden blei det arrangert eldrefest av stikk-innom styret. Egentlig så va det Dorrit så sko skriva om dette her, men hu reiste liga så godt te Fillepinene. Derfor blei det meg. Det er ganske lenge si festen va, så eg huske kje allverdens av an, men me får sjå ka eg får skreve ner. Va me å arrangerte festen sjøl så eg bør vel egentlig huska litt.

Alle sko kle seg ud denna kvelden. Ikkje alle gjorde det, men dei så kledde seg ud hadde i tillegg gjort det skikkelige. Inghild og Dorrit vil eg påstå hadde de beste kostymene. Dei hadde stappa puder både i den ein og den andre enden og såg rett å slett eldgamle ud. Dei to va og ansvarlige for eldetrimmen denna kvelden. Ska kje påstå at det va den hardaste trimmen eg har vore med



på, men poenget med treningå va visst å stramma opp fremre og bakre deler. Dessa plassane har ein tendes te å esa ud når me bler gamle påsto dei. Det var dessa to damene et sikkert bevis på. Kjolane deira blei nesten sprengt av alle pudene de hadde stappt inni.


Viss me spole litt tebage te begynnelsen på kvelden, så begynnte det med ein ustyrtelig morsomme sketsj av stikk innom styret. Fatte egentlig ikkje poenget i an ennå, men Liv Elise sko plent ha an me. Omsund Halleland sko ha andakten denna kvelden. Han gjør ein litt aen vri og fortalte litt om gamle dagar. Han fortalte blant aent om ei 17



mai feiring då tyskarane va på øynå vår. Hadde utvikla seg heller dramatisk. Det enda med at tyskarane kom eg heila 17 mai toget måtte søga tilflukt i utedoen på garden. Det heila toppa seg då ei 4 år gammale jenta sende det norske flaget ut gjennom hjerta i døderå, mens tyskarane marskjerte forbi. Det gjekk heldigvis godt.

Etter at Osmund var ferdige med å snakka, fekk me servert tomatsuppa med bagettar te. Ittepå va det tid for kager. Mens kagene blei forterte kjørte Liv Elise i gang ein bordkonkurranse som hadde med det å ble gammale å gjer.

Det va det eg klarte å mimra fram frå denna festen. Fekk inntrykk av at folk koste seg ein heile hau. Trur alle syntest det va ganske så grett å var gammale, jaffal for ein kveld...



Fantasy-kveld

6. mars

Av: Kåre Vignes

Ein laurdag i februar fant eg ut at eg måtte ta meg ein tur på Lauvsnes. Anledningen va Fantasy-kveld, og ryktene gjekk om konkurransar og fine premiar. Då klarte eg sjølsagt ikkje holda meg vekke.

Kjøkkenet på Lauvsnes har blitt ein rektigt fine plass. Før va det ekkelt og te nedfalls, nå har det fått seg ein skikkelige ansiktsløftning. Nye hyller og greier. Flott. Den gamle vaskemaskinen holde imidlertid koken, någe så eg må



sei e imponerande. Den har fått møyje bank. Bruksanvisningen som blei laga svert tidligt på 90-talet e intakt, sjøl om an kjeme i nye versjonar e språkbruken nøyaktigt den same som den Lennart frå Flekkerøy lagte når maskinen va nye. Kor Lennart har blitt av, e derimot ei gåta. Eg trur han va badnåbådet te søster Dorthea.

Før kvelden begynte, va eg vitne te at dei ansvarlige øvte på andakten. Det e kanskje ikkje så vanligt å øva te ein andakt, men Kristi og Marianne sko gjønåføra det berømte tepose-trikset. Det går rett og slett ut på at du tar ein tepose, tømme ut innholdet, for så å setta fyr på det papirat som e rundt påsen. Dette papiret har den egenskapen at det begynne å sveva itte at det har blitt sett fyr på, omtrent som ein varmluftballong. An stige oppøve og går te

slutt heilt i oppløysning.

Problemet for dei to jentene va at dette trikset ikkje va heilt vanntett. Det gjekk bare aenkvar gong, rett og slett. Uansett kor møyje di prøvte lukkast dei ikkje kvar gong.

Teologien bak tepose-trikset va ganske enkelt: Når me får lagt våre synder øve på Gud, forsvinne dei, for så å gå i oppløysning slik at dei aldri kan finnast igjen. Et fint bilde, og det blei illustrert bra, sjøl om teposen ikkje steig te vers når dei hadde andakten sin. Eg hadde jo sitt koss det egentligt sko var, så for meg blei det et fint bilde på at våre syn-



slig at eg va dobbelt så gammale så dei fleste så sad rundt både mitt bord og dei andre bordå, men når hovedrivalen sitt bord har syster mi på laget vakne vinnarinstinktet. Eg kunne bare ikkje la Dorrit få vinna den frokktorgå. Så eg ga alt. Og litt te. Sangkonkurransar, kunnskapskonkurransar, diktkonkurransar, alt blei blodigt seriøst av vårt lag. Og me vant. Ei store frokktkort. Og eg fekk kje ei pera ein gong, for Dorrit stakk av me heila greiå. Eg trur iallefall det va Dorrit.

Uansett. Ein vanvittigt trivelige kveld på Lauvsnes, for unge og gammal. Meir slige kveldar!

der blir te støv når me får lagt di øve på Jesus. Ein utradisjonelle og spennande måde å forkynna på, for meg som har fått meir enn min dose av svovelpredikantar.

Itte ei matøkt der folket fekk forsyna seg av mengder med hamburgerar, va det klart for fantay-delen. Det gjekk kort og godt ut på at forskjellige bordkonkurransar blei delt ut, og så va det dei med mest poeng så vant. Nå har det seg



Stavtjørn Weekend

19.-21. mars

Av: Anders Trahaug

Skiftende vær og mangel på snø sette ikkje ein stoppar for nok ein fantastisk vekeslutt på Stavtjørn. Kor mange som reiste har eg ikkje oversikt på, men det var i det minste fleire enn kva det var plass til i bussen til Gunnar. Talar for året var Espen Idsøe.

Tradisjonen tru var suppa ferdig kokt då bussen og resten av følge nådde fram til leirstaden. Ungdomslaget sin egen syng-for-maten song blei også framført, om ikkje med same driv og tyngde som då eg var blant dei yngste i ungdomslaget. Eit merkbart genera-





sjonsskifte har gjort sitt til at mange av vekeslutt tradisjonane er i fare for å døyt ut. Folk stabbar framleis rundt i mørke og leitar etter lyset i tunnelen. Men eg hørte rykte om at fleire hadde gått einsame gjennom tunnelen, og kva som er vitsen då, det forstår ikkje eg.

Dei fleste, bortsett frå meg og eit par andre innbarka sommarmenneske, var skuffa over at det ikkje var tilstrekkeleg med snø til å opna skitrekkeket. Dei ivrigaste arrangerte til og med vekking klokka fira tidleg laurdag morgon, slik at me kunne gjera unna frukosten og morgonsamlinga i god tid før trekke opna. Men til deira store motbør, vann dei lite sym-

pati blant andre sovande turdeltakarar. Me som arbeidar i jordbruket er jo vane me å stå opp lenge før solstrålane breiar seg utover landskapet, og eg hadde difor ingen vanskar med å handtere situasjonen. Meir bedageleg anlagt grupperingar derimot, som til dømes studentar og lærarar, hadde problem med å sjå meininga med denne tilsynelatande omsynslause terroren.



Ein stor mangelvare i ungdomslaget no for tida, er folk som seier seg villige til å finne på god underholdning når det trengs. Underholdninga i år bestod av filmframvisning, og for dei som var på kjøkkenet natt til søndag, den utrulege og totalt uforståelege kort tryllekunst til Marita Sivertsen. Eg og Maria Flesjø hadde ein lang og brennande krangel om kven som hadde best humor. Etter å ha spurt eit representativt utval av reisefølge var det klart at eg



har vunne med fem stemmer mot tre. Maria ville sjølvsagt ikkje godta resultatet, og meinte at eg kun hadde spurd mine egne venner. Neste år får me kanskje ta kampen til scenen, men det er høgst usikkert om eg tørr stille, ettersom eg lider under eit alvorleg tilfelle av sceneskrekk.

Ettersom gjennomsnittsalderen i Ungdomslaget stadig synker, var det naturleg å ikkje stille så store krav til korsamlinga. Om du er ung, skal det heltemot til for å hive seg fram på med eit vitnesbyrd eller liknande. Men det var ingen grunn til å engste seg. Samlinga blei like gripande og stemningsfull som vanleg.

Til slutt vil eg rekke ein stor buket blomster til dei som tidlegare har hatt ansvaret for at kjøkkenet ser reint ut ved avreise frå Stavtjørn. Etter at ein bøling pubertale pøblar, på tur utan mor, er ferdige med to dagars mat grising, skal det meir til enn litt såpevatn for å få kjøkkenbenkene til å skinne igjen.

Og sjølvsagt honnør til alle som var med å planlegga og gjennomføra nok ein vellukka tur

Ærede ambassadører

Av: Espen Idsøe

Det er med tunge poser under øynene og gode minner i hjertet jeg nå vil hilse dere alle og takke for en uforglemmelig weekend på Stavtjønn 19. – 21. mars.

Weekenden startet for min del som en følelse av å ha vakt i tidenes lengste matfriminutt! Men etter at den første matøkten var over i spisesalen, og blå-lue-gjengen hadde fått kastet fra seg nok pastaskruer, la leirfølelsen seg over oss alle. Gleden over å være sammen med mange kjente fjes, kombinert med en usigelig frihetsfølelse så ut til å prege den enkelte. Klarest kom dette kanskje til uttrykk da vi satt i matsalen fredag kveld og registrerte frøken Nes fra Ombo kom løpende og hylende rundt hjørnet, som om den avskyelige snømann forfulgte henne. Spent satt vi og ventet på hvem forfølgeren var. Og gjett hva? Det var ingen! Ikke en sjel... ja, ja.

Natt til lørdag går nok inn i historien som natten da grytelokkene på Stavtjønn virkelig fikk kjørt seg. Halv fem på morgenkvisten gled undertegnede inn i søvnens salige tilværelse etter at unge lovende Naaden & Astad hadde avsluttet sin tolkning av "Tysk Jegermarsj" på grytelokk. Det var nok mange små og store som da endelig fikk svar på aftenbønnen de hadde sendt av gårde noen timer tidligere...

Lørdag morgen fikk vi bekreftet mistanken vår om snøforholdene i bakken. Trekket stod og alternative uteaktiviteter ble iverksatt av de som ikke hadde et alvorlig underskudd på søvn. (For egen del oppdaget jeg da jeg bar ut bagasjen søndag formiddag at det var første gangen jeg hadde vært utenfor dørene siden vi kom!). Og som seg hør og bør ble lørdag kveld weekendens store høydepunkt.


Film på storskjerm var et kjærkomment innslag for et publikum sulteføret på

TV- underholdning. Utdeling av hypermedisin, lørdagsgodt, koseklut og go-nattsang-ønsker fra mor, gjorde susen. Det ble en langt roligere natt for de som ønsket å sove. Men 13 timers søvn natt til søndag må være "All time high", Åse Stang! De aller fleste må nok legge sammen både natt til fredag, natt til lørdag og natt til søndag for å komme opp i et så anselig antall timer...

Korssamlingen klokken 24.00 lørdag fortjener et eget avsnitt. Evigunge Kongsvik jr. tok turen ens ærend fra byen for å lede denne samlingen preget av lystenning, bønnelapper, forbønn og deling av egne opplevelser. En mektig og minnerik samling som kommer til å sitte klistret på hukommelsen til Alzheimeren kommer snikende og eter opp hjernecellene mine om noen år!

Vel, søndag på tur er søndag på tur. En jobb må gjøres og så er det hjemtur! Etter at undertegnede hadde ryddet puterommet (og grublet over hvem Silje Vignes hadde vært her sammen med noen år tidligere), samt ordnet opp på bøttkottet, var det bare å pakke i bilene. Bussen hadde allerede tatt med seg "småtassene" og vi i den eldre garde tok en siste sjekk. En jakke, et par skibukser, en boxershorts med verdens største bremsespor og to utslitte grytelokk fikk sine verdige begravelser. Nei da, vi tok selvfølgelig vare på boxershortsen...

Takk for meg og god tur til Folgefonna!



Men in Mission

27. mars

Av: Kåre Vignes

Eg hadde gleda meg te denne kvelden ei god stund. Eg gjekk glipp av den fysiske Men In Mission, eg va på scenen i den andre, så nå sko eg endeliggt får delta som publikummar. Eg bestemte meg liga godt for å sjå begge forestillingane. Og det e eg glad for. For dette va jo kjekt.

Nå vil kanskje mange dra min journalistiske integritet i tvil i denne saga. Eg e inhabil på fleire mådar når det gjelde å sei min hjertens meining om Men In Mission. Eg har ein bror så va me, eg va forlovar te ein så va me, eg har såde 8 timar i ein traktortilhengar som hoppa og slo seg innøve Finnmarksviddå me ein så va me. Så dokke får ta det for det de e. Eg gidde ikkje prøva å var upartiske ein gong. Det får Øyposten ta seg av.

På gronn av at Kyrkjekoret hadde opp-treden på kretsårsmøtet te Normisjon og ikkje kom seg heim i sjebelige tid, blei det bestemt at denne gongen sko der var to forestillingar på lordagen. Der va vel sett inn ein 300 stolar, og på den fysiske forestillingen va salen litt øve halvfoldle. Eg har kje dei eksakte talå for hånd. Men folk homra og lo, sjøl om eg lo på andre plasser enn mången andre. Et publikum e ein sne-dige forsamling, for sjøl om di består av mången forskjelligje folk, lere dei seg fort kor dei fleste ler, og kor dei fleste ikkje ler.

Åpningssekvensen med videosnuttar der dei involverte la ut om sitt syn på forestillingen, va løyen. Eg lure på kor mången timar di brukte på å laga te den. Fiffigt va det iallefall.

Ittekvart som forestillingen kom i gong, blei det fort klart kem av karane på scenen som virkeliggt va i storform. Torolf Ingebrensen va høgt og lågt, og på den siste forestillingen forårsaka han at

mesten adle dei andre knakk samem i ein sketsj. Lide e løgnare for publikum enn akkurat det. Strålande, Torolf.

Me fekk gjensyn med ein del gamle venner, og me fekk treffa någen nye. Mugge og Bugge e fremdeles på topp, og dei framstår nå som heilstøypte karakterer som me forvente at ska levera kvar gong. Dei e så godt som profesjonelle nå, og det ska ble spennande å sjå om di dokke opp på ein eller aen scene av et litt større kaliber snart. Det bør di iallefall itte min meining gjer.

Kvelden sitt stora sjokk for meg, va gjensynå med et par snuttar frå et heller tvilsomt video-prosjekt eg va med på svert tidligt på 90-talet. Me sko ha det løye i ei romjul, og spelte inn någen småsketsjar samt ein lengre spelefilm. Det heila va vanvittigt løye for oss, men når innslaget "Hvordan blir vi til" dokka opp på storskjermen, må eg innrømme at eg ikkje trudde mine egne auer. At finnøybuen anno 2004 sko le av den, va meir enn eg hadde trudd. Men det va et nostalgisk gjensyn med Frode Steen sin gamle Ford, og ikkje minst va det et nostalgisk gjensyn med Kjetil Berge sin hårmanke i Lommetennis-innslaget. Hjelpe meg. Kor fant di det henne, lure eg på. Eg trudde eg hadde destruert adle kopiane.

Der va ein liden forskjell på dei to forestillingane. Årsaken te det trur eg fysst og fremst må var publikum. Der va generelt meir trøkk siste gongen. Der va fleire publikummerar, og der va ikkje så mången små. Når det e sagt – dei små så va der på den fysiske forestillingen oppførte seg meir eksemplarisk enn någen små eg har vore ilag med i Fleirbrukshallen før. Som regel pleie der var et hendelse av gauling og springing og spenning av ballar bag adle stolane, men denne kvelden va der faktisk ganske knyst. Et hurra for ansvarlige foreldre, og et hurra for veloppdragne ongar. Eg e sikker på at adle dei andre sure gamle ungarane så va i

salen e enige me meg.

Å leiga inn ein profesjonelle lydmann trur eg va verdt dei pengene det kosta. Eg har iallefall ikkje høyrte så god lyd i hallen før. Kanskje någen burde satt igong ein aksjon for å samla inn penger te et slikt lydanlegg, slig at adle kan høyra når di ska spela flygel?

Tor Øyvind ska ha ein stor del av æren for at det har blitt någe av Men In Mission før, og for at det blei nå. Han får folk med seg, og det e ein viktige egen-skap. Me får håba at han drar i gong ein te om någen år, og då trur eg jammen eg må hiva meg med igjen. For det va litt felt å sidde i salen mens folk lo av bror min. Det må eg innrømme. Eg og ville bli ledd av.

Eg må få lov te å komma med litt kritikk her på tampen: Dei va aaaaaaaaaaaltfor snille med rennesøybuen. Dei sko fått så møje meir høg. Dei slapp for billigt.

Men In Mission handle om meir enn lått og løye – bag ligge der et alvor. Dette året e det Colombia-prosjektet så får øveskuddet frå arrangementet. Midt i showet, itte ein någe ustødige tale på spansk av Oddvar Vignes, entra biskop Tito scenen. Han har gjort inntrykk på mången finnøybuar, og film-snutten frå Colombia va inspirerande å sjå. Det e stort at me kan få vara med og hjelpa folk som trengte det så sårt. Og så lide så ska te. Me kunne jo gjort så møje meir. Å tru på fred i Colombia vil nok mången hevda e vel optimistisk – landet har problemer så me ikkje har forutsetningar for å forstå. Men uten tru e ikkje någe muligt, det e og någe me vett. Og Tito sin visjon e å begynna med dei små.

La oss håba at han får oppfylt sin drøm, og la oss håba at me i Finnøy om någen år kan sjå tebage på prosjektet og tenka som så at dette e me stolte av og takknemlige for å ha vore ein del av.

Kopiert hjå:



BYGGMAKKER Ladstein

Et smart sted å begynne!



NORBOHUS Ladstein Bygg as Finnøy - et godt sted å leve!